

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 6

Arna Juni 1970

3. årgang

DEN ÅNDELEGE STRIDSBUNADEN

Brør, me lyt vera sterke. Og styrken vår lyt med få frå Herren. Og det er naudsynt: Vera godt rusta. Ta Guds våpni på så de kan stå dykk og verja dykk, når storlygar-åndi-djevelen vil fella dykk. For striden vår er ikkje strid mot menneske, men mot dulde åndsmakter som råder i denne verdi, usynlege for augo og som ferdast kring jordi.

Ta difor Gudsvåpni på og stå imot når den vonde og fårlege dagen kjem. Sigra yver alt saman og vert standande.

Sanning vere beltet ditt kring livet, rettferd di brynja og at du er ferdig til å bera

evangeliet fram, det vere skorne dine på føtene. Trui vere skjolden din og då kan du verja deg for dei brennande pilene frå den vonde og sløkja dei. Frelsa frå Gud vere hjelmen din, Guds ånd og kvart ord han har tala, vere sverdet ditt.

Korleis finna me slike våpen? Berre be, trutt og samt. Ved bøni lat Guds ånd hjelpe. Ver vakne og hald ut i bøni for alle som høyrer kyrkjelyden til. Be for meg og at Gud gjev meg sitt ord i munnen min og eg med glede og frimod kan kunngjera løyn-omen i evangeliet på kvar ein stad. (Ef. 6. 10-19.)

STYR MINE STEG

Salmen: Styr mine stig» som Eirik Skjer-ve har sett um og som idag er å lesa i Kyrkjelydsbladet har si soga som de skal få høyra. Sokneprest Martin Tvetter har fortalt henne og eg har lese det i verket: Kristen sang og musikk.

Det er ein finsk song skriven av sokneprest Wilhelmi Malvivaara kring 1901. Våren 1900 vart Malvivaara sokneprest i Lap-
po. Det såg ljost ut og glad gjekk han til si teneste. Men året etter kom harde røyningar. Vesle Aili, augnesteinen til mor og far, fekk tyfus i april mnd. og døydde frå dei.

Mor Karin, som laut stella småjenta si, fekk og smitten i seg og Saima, som var noko eldre enn Aili, fekk det og. Den 6/6 døydde fru Malmivaara. «Les Guds ord for gutane», var det siste ho fekk segja.

15. juli for Saima burt ho og. Tri farne burt på tri månader. Då ein dag steig gamle kyrkjetenaren i Lappo inn i stova. Han fann prest Wilhelmi ved bordet, framlutt med hovudet i hendene sine, sund broten. Han kjende handi på skuldera si og høyrde kyrkjetenaren si røyst: «So segjer han til han tridje gongen: Simon Johannesson

elskar du meg.» Ordi hadde den verknad at det dagna i prest Malmivaara si myrke sjel. Og songen «Oi Herra, jos mæ matkamies maan» vart fødd under anfektning og sår strid. Det er vel grunnen til at så mange har vorte glade i han. Songen spreidde fred og kveik til så mange i Suomis land. Under vinterkrigen 1940 og sidan. Sigurd Lunde har og sett han om til bokmål og den er å finna i songboki vår.

*Styr mine steg du Frelsar so kjær,
slik at dei fører dit der du er.
Unn meg den lagnad:
ævleg i fagnad
vera deg nær.*

*Hugsår av saknad alljamt eg er.
Herre, du veit eg har deg so kjær.
Nedtyngd av trengsel,
gripen av lengsel
græter eg her.*

*Andre går bort, men du hjå meg står.
Einast hjå deg eg trøysteord får.
Hjarta mitt bløder.
Du må jamt grøder
verkjande sår.*

*Hjelp meg min Gud, eg vonar på deg,
endå kvart ljøs er sløkt på min veg.
Fylg meg på ferdi
her gjennom verdi!
Signe du meg!*

*Herre din nådes kraft lat meg få.
Hugheilt eg då kan framyver sjå.
Styrk meg og ber meg,
leid meg og lær meg
himmelveg gå.*

*Snart skal eg møta, friggjord og glad,
frendar og vener høgt i Guds stad.
Borte er tåra.
Mektig skal bære
lovprisingskvad.*

Mathopen

Det høyrer Laksevåg til og var ein idyll den gongen me kalla det «Mathopen». Og bar det nyttige namnet i mataukingstene-sta. No er det nyttigt helst på ein annan måte. Det er vern og verje for vårt fagre land. Turistattraksjon var det vel aldri, men ein kjær utfartsstad for dei som lika ferdast ut or byen — til Loddefjord, Lyderhorn. No får ikkje kven som helst koma på tur til Mathopen — eller Håkonsvern som det no heiter. For det sit vakt i porten og sers løyve lyt til for å sleppa inn. Likevel har eg vore innom to gonger. I garnisonskyrkja som alle som har høve til det lyt sjå. (Eg høyrde dei opna portane for alle i kyrkjetid). Det er no den einaste garnisonskyrkja me har i landet. Fyrr var det ei både i Oslo, på Akershus, og i Horten. Krossen, laga av Terje Grøstad frå Telemark, tårnet som er å likna med ein skipsbaug, lampane frå Søren Nilsen i Kjøbenhavn. Sanneleg er det godt å sitja ei stund her, endå det ringaste med kyrkja er benkjene. Orgelet var laga i Vestfold. Og marineprest Salamonsen spela salmane for oss. Han las då og eit gudsord til oss. Og la noko ut om at Kristi ljøs skulle skina gjennom oss. «Iallfall, eg som er prest må Kristi ljøs skina igjennom.»

Denne andre gongen min var me saman prestane frå Bergen og omland og konene våre var med. De minnest alle junikvelden den 8. Det var ein av dei likaste sumardagane våre. Med rikeleg sol og varme. Seint på kvelden høyrde me rett nok toredyn, eit varsel om at det einkvan staden hølja det ned. Men hjå oss var det soviddt at det vette hellene. Då me kom i 5. tidi skein det varmt og godt. Gastane i leiren og på båtane sola seg og siapp slita på uniformane sine. Me var komne til dei varme

landi, og berre brune kroppar var å sjå. Mest 2000 menn høyrde til i «Hopen». Eit lite samfunn for seg sjølv. Dialektane tona i alle rytmer. Men etter som eg kunne skilja og høyra var det mest Vestfoldtonar. Me fekk stiga ombord på båtane. Nokre på torpedobåtar, eg med dei som gjekk til fregatten. «Narvik», heitte han. Dei andre fregattane låg der og — med bynamn alle: Oslo, Bergen, Trondheim. Men kva er ein fregatt? Ein gong for lenge sidan var det namnet på seglskuta med 3 mastrer og kanoner på dekk. Men så fann dei opp dampmaskin og då kom fregatten burt. Til han dukka opp att under siste krig. Utan segl, men med moderne utstyr og fart. Nyta til konvoitenesta og vakthald. Det var interessant å farta ikring på «Narvik». Me såg lugaren der gastane sov. Der var trongt, men ein køy til kvar var det då. Og matlysten var i orden det fekk me sjå.

Sidan for me opp i «Kantinen. Det skal vera eit fransk ord, fregatt er italiensk. Kantine er nisteskrin eller kasse med nista i når dei drog i strid. Kantine i Mathopen er ein fin og flott kafe. Der fekk me eta nista vår og høyra om gasteliv og militærliv i det heile. Berre unge menn. Mange i gifte-tankar, sume lenger komne — dei venta fyrste barnet sitt. Hugen deira var helst langt burte frå Mathopen og fregatten. Noko einsformigt og sløvande liv. Hyggjestunder hadde dei, filmar rikeleg med ordskiftekveldar og prestetime. Der tala dei om: Krig og fred, Menneskesynet, Ekteskapet. Mange etla seg til studering og lesing. Det gjekk heller trått det. For støtt var det nokon som kalla på dei. Tonen og miljøet var hardt.

Arme dei som skulle prøva berga si kristensjel her. Ingen stad å vera åleine til ettertanke, lesnad, bøn. Ikkje stilla og ro nogon gong. Difor kunne ein merkja ein svolt etter Guds ord millom gastane. Men

til kyrkja var det ikkje så mange som møtte. Syner du deg der, er du stempla. Der råder ein sosial kontroll i miljøet som me kan sjå elles og i folkelivet vårt. Og den er hard og for hard for mange. Difor tykte dei det var best å få koma ut om porten og møta vanlege menneske der.

I Austrheim sokn på ei øy som heiter Njøten budde ein gild emiser, Lars. Lars i Njøtøe kalla dei han i heile Nordhordland. På torget i by'n råka han ein gong ein av dei unge venene sine i Kongens kle. «No, Ingvald, gjeld det vera godt underklædd.» Han tenkte på hjarta. Framum alt, tak vare på hjarta ditt, for livet gjeng ut derifrå. Og sei ei helsing frå Arna kyrkjelyd til alle dei på torpedobåtane, fregattande og under-vassbåtane våre.

Komfirmantar Ytre Arna 1970

GUTAR:

Arne Rønhovde, Gunnar Starnes, Svein Age Seilen, Terje Bakken, Svein Sætrevik, Jon Ivar Bernestangen, Atle Hansen, Kjetil Revheim, Nils Arne Eide, Steinar Gravdal, Arthur Lien, Tor Inge Stokke, Geir Nesheim, Svein Haga, Terje Evensen, Sveinung Nilsen, Reidar Olsen, Tor Halland, Arne Hartvigsen, Arne Fjellanger, Allan Grinde, Erik Kalsås.

JENTER:

Lillian Kleppe, Andrid Høvik, Inge Marie Vedå, Sylvi Stavåg, Randi Lavik, Bente Lovise Kirkevik, Bente Skadal, Anna Reigstad, Edel Karin Kalsås, Karin Pettersen, Ragnhild Endresen, Ruth May Unneland, Else Johanna Bratli, Britt Birkeland, Liv Tove Dale, Alise Askeland, Reidun Brandsdal, Britt Elin Bakke, Jorunn Brunsvik, Margaret Kårtveit, Irene Kopaziewicz, Helga Syska.

Helsing til konfirmantane



Saman med foto av årets konfirmantar i Ytre Arna sender eg mi helsing til dykk alle.

Dagane kverv, og den tidi me var saman til konfirmasjonsfyrebuing er alt eit minne, som du kallar framatt i tankane. Men mitt ynske og mi bøn er at det Ordet frå Gud som de lærde, og som eg freista forklåra for dykk, det må ikkje vera åleine eit minne, men ein livande realitet som du lever i, og som fylgjer deg dagleg. For Guds ord må

Har du mistet noe?

Du har kanskje hørt om gutten som en mørk høstkveld gikk og leitet så ivrig etter noe under en gatelykt.

«Har du mistet noe?» spurte en konstabel som kom forbi. «Ja», sa gutten, «jeg har

vera lykt for foten vår, og ljøs over vegen. Då er det Herren sjølv som vandrar ved vår sida, og leider oss framover stig for stig. Og i hans fylgje kan du fara trygt. For då er du på Livsens veg, velsigningsvegen.

Takk for venlege brev som de sende meg. Dette er mi helsing til deg og dykk alle denne gongen.

Vennlegst
Harald Hope

mistet en krone og kan ikke finne den igjen.»

«Er du sikker på at du mistet den her?», spurte konstabelen. Nei, det var visst der borte, men der er det så mørkt at det nytter ikke å leite, derfor leiter jeg her hvor jeg kan se.»

Vi smiler av gutten, men likner ham på enkelte punkter. Du har mistet Gud eller sjelefreden eller hva du vil kalle det. Men hvor leiter du for å finne ham? Der du synes du kan se? Der du mener din egen forstand har tent en gatelykt?

Vil du finne Gud, så leit hvor han er å finne. Hvor er det? Det vet du nok. Det er i Guds ord. Der hans ord forkynnes, der er hans selv. Det har han sagt.

Men du forstår verken Bibelen eller forkyndelsen, det nytter da ikke å leite der da? Prøv likevel. Leiter du ærlig for å finne, skal du se Gud vil gi deg lys nok til å finne. I det som du på avstand tror er mørke, er Gud. Men der kommer en dag da du ikke lenger kan finne ham. Søk derfor Herren mens han er å finne.

Og det er idag. H. E. Wisløff.

Til ettertanke

Ser vi på oss selv så kan vi bli deprimerede. Ser vi omkring oss, kan vi bli interesserte. Ser vi på Jesus Kristus, kan vi bli inspirerte.

Hold deg til Jesus Kristus, så begynner du rett. Bli hos ham, så fortsetter du rett. Bli ved med det til slutten, så ender det rett.

De som forkaster kristendommen, fordi de ikke forstår den, glemmer at Gud ikke har lovt mennesket et nytt hode, men et nytt hjerte.

Gud finnes lettere ved å be enn ved å diskutere.

Gud har skapt mennesket slik at det kan bestemme seg for det som det er bestemt til.

La oss lese Bibelen mens vi hele tiden tenker på vårt praktiske liv, og så lever vi

vårt liv mens vi hele tiden tenker på Bibelen.

Johan Falkbergets råd til unge 1960: Ta Nytestamentet med på ferden ut i livet, og skil dere aldri av med det.

Husmannssumar 1970

Leir for eldre på Kvamskogen
10. — 14. september 1970.

Det var i Vestfold, på Knattholmen Ungdomsforbundet fyrst laga til leir for eldre. Det vart mykje vellukka og det var stor trivnad. Då når skulane er igong att og sumaren endå kan vera fin då er det dykkar tur. For det var ikkje tid og rom i juli månad. Dei legg ferien opp med høvande program. Og ungdomar skal og vera med til hyggje og hjelp for dei eldre. Det vert både til kveik og kvild. Eg nemner det alt no så dei dette høver for kan bu seg i tide og prøva riva seg laus for å ta iveg til Kvamskogen på leir. Det vert eldregymnastikk, bibeltimar, og kos. Dei som bed inn er: Torolf Skedsmo, Ragnar Gunnestad, Laila Erikssen. Pris: kr. 150,—.

Arna Helselag

hadde styremøte hjå dr. Reistad 10. juni. Sak nr. 1. No lyt noko gjerast for stakkarane våre. Dei som ikkje kan ferdast ikring som andre, eller gå i skule ilag med andre. Men lyt vera si heile tid ilag med mor si. Og lite får vera under open himmel. Me har ein del slike i Arna. Born i alder frå 1 til 20 år. Tal var nemnde, men eg skriv dei ikkje opp. Men det var visst og sant. Me har mange nok til å fylla ein klasse. Og me skal ta til no med ein gong. Det er for seint, og difor lyt me skunda oss.

Det fyrste me skal gjera er: Finna høveleg stad. Her har me funne staden. I nær-

leiken av Garnes barneskule på ein stad dei kallar Grønstølen der skal dei få si spesielle skulestova. Det skal vera der for at det skal vera høve til samarbeid og kontakt med skulefolki våre. Og sume kunne nytta skulebussen då. Teikningar for skulen har me ferdige. Me vil grava tufti so snart me får skøyte. Samrøystes vedteke.

* * * * *

Arna sokneråd har tilsett diakon Tor Storerud frå Fyrisdal til klokkardiakon i Arna. Kona hans er frå Bømlo i Sunnhordland. No er han i militærtenesta og kjem ikkje til oss før i 1971. Men me er glade for at han ville byrja tenesta si her millom oss.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 18.4. Renate, foreldre: Johnny Isaksen og kona Sissel f. Olsen.
 16.5. Hilde, for.: Gunnar Gunnarson og k. Anita f. Nilsen.
 31.5. Anette, for.: John Kristian Moldestad, Ingunn f. Husøy. (Døyp i Loddefjord).
 18.5. Ørjan Jonas, for.: Terje Per Jonas Hinna, Marit f. Sæther.
 23.5. Inge, for.: Magnus Heggertveit, Asbjørg f. Henriksen.
 23.5. Terje, for.: Harald Sigmund Grøndal, Ragnhild Berit f. Rong.
 24.5. Martin William, for.: Anthony Owen William Jeeves, Marit f. Claussen.
 24.5. Ingvild, for.: Nils Gjermund Næss, Ingunn f. Jacobsen.
 30.5. Kristin, for.: Steinar Holstad, Inger Karin f. Lomheim.
 30.5. Hilde, for.: Bjarte Isak Husevåg, Inger Johanne f. Sande.
 30.5. Marianne, for.: Geir Otto Soltvedt, Ann Elin f. Skagen.
 30.5. Vibecke, for.: Håkon Karstein Tvedt, Helga Marie f. Broll.

- 31.3. Kjell Helge, for.: Trygve Helge Kleppstø, Dagny f. Skeie.
 6.6. Øystein, for.: Leif Ulrik, Iversen Henny f. Andersen.
 6.6. Giske Irene, for.: Dag Steinar Haug, Helga Margareth f. Breivik.
 7.6. Nancy, for.: Normann Gjervik, Ingeborg f. Meland.
 7.6. Bjørn Sigmund, for.: Sigmund Roland, Bjørg f. Solberg.
 7.6. Trygve, for.: Kjell Ove Borge, Mary Kirsten f. Nesheim.

VIGDE:

- 11.4. Bjørn Ove Eliassen og Ingeborg Dahl. (Vigde i Stord kyrkja.)
 23.5. Arnt Louis Back og Gudbjørg Hauge.
 23.5. Hans Askeland og Elin Hopland. (Vigde i St. Markus).
 30.5. Trond Thorildsen og Else Reigstad.
 6.6. Vidar Hårvik og Karin Elisabeth Jensen.
 6.6. Nils Bjørndal og Dorthea Angelskår.
 6.6. Jon Ketil Hatland og Karin Ingunn Bysheim.
 6.6. Ivar Helge Berge og Marta Gloppen. (Vigde i Fitjar).
 20.6. Olav Magne Gjerde og Ruth Henny Sørliid.
 23.6. Hans Martin Svarstad og Eli Solhaug. (Vigde i Vikøy kyrkja).

*Då vakna der noko i barmen inne —
 tvo må me vera for lukka å finne.
 Ja, slik er det laga for kvinne og mann —
 isaman å liva i kjærleik varm.*

*Ein heim med lyd, deg gleda byd
 og livsens lukka oppunder styd.
 I strev og møda de ikkje veikar
 for kjærleiken i hjarta leikar.*

O. U.

AVLIDNE:

- 6.5. gift vegform. Ole Johannesson Vesseth, f. 1893.

- 21.5. tekstilarb. h.v. Ingeborg Amanda Ny-sæther f. 1898.
 23.5. enkja Dagny Hagebø f. 1915. (Gravi v/ Gjerstad.)
 26.5. gift bakar Sverre Johan Borge f. 1898
 5.6. Eldbjørg Aasheim f. 1921.

Utleggjing av Herrens bøn

(Frå Gamal Norsk Homiliebok.)

(Framhald.)

Dette er den femte bøni: Et demitte nobis debita nostra, sicut et nos dimittimus debitoribus nostris: Forlat oss vår skuld, som me forlet våre skulmenn! Det er skyldnaden vår å gjera som me segjer i denne bøni: Vera miskunnsame mot kvarandre, og tilgjeva deim som misgjer seg imot oss. Då tilgjev vår Drottin oss våre mange og store misgjerningar, som me gjer både dag og natt. Men dersom ikkje me vil tilgjeva dei småe misgjerningane, som andre gjer imot oss her i livet, då vil ikkje Gud tilgjeva oss dei stor og mange misgjerningane som me gjer imot hans vilje. Som han sjølv segjer i den heilage skrifti: Når de stend og bed, då skal de koma ihug um de hev noko imot nokon av dei kristne brørne dykkar. Tilgjev deim, gode brør, so skal Far dykkar tilgjeva dykk synd og skuld. — Men dersom de ikkje vil tilgjeva deim, so vil ikkje Far dykkar som er i himlane, tilgjeva dykk misgjerningane dykkar. Då skal han binda hender og føter på oss, og setja oss i myrkastovo, det er i helvite. Der skal djevlane pina dykk til dess de er pinte for syndene dykkar. Men kor det er: etter Guds lov er den vise sett til å styra den uvise, so mykje at han kan lata av frå meingjerdi si. Og den eine skal elska den andre som sin eigen bror.

Dette er den sjette bøni: Et ne nos inducas in tentationem: Gud Drottin, lat ikkje den arge djevel leida oss til pine med seg, og lat ikkje han freista oss. — Gud Drottin

freistar ingen, men likevel kan ingen koma ufreista til himmerike. — Me skal ikkje beda Gud um å ikkje verta freista, men me skal bede den heilage Krist at han vil halda oss uppe, som me ikkje fell i dei freistingar som Djevelen freistar oss med. — Djevelen fær lov å freista kvart menneske, so det skal syna seg um han kann venda oss burt frå trui på Gud eller ei, og om me elsker Gud slik som me mæler med munnen, eller me talar falsk. Liksom dei røyner gull i elden, soleis røyner Den heilage Gud kvar kristen mann, um han er heilhuga i trui eller ei.

Gud sjølv veit det full vel, korleis kvar kristen mann vil fara åt i alle freistingar, som Djevelen freistar mennesket med. Men dei truande fær ikkje stor løn av Gud, utan dei vert røynde. Dersom dei stend seg vel i freistingi, og ikkje let Djevelen svika seg, då vert dei huglege og verdige for Gud. Men fell mennesket i synd, skal han snart reisa seg att or syndi og bøta for misgjerningane sine, og beda Gud audmjukeleg om tilgjeving for syndene sine, og vara seg sidan, so at han ikkje gjer slikt meir.

Den som ofte vil gjera synd og ofte ganga til skrifte, og so vil gjera dei same misgjerningane oppatt, han gjer Gud harm på seg. Han er lik hunden, som spyr og sidan et i seg att si eiga spya. Mot honom er Djevelen på ferd til å svika honom. For Gud vardar honom ikkje, og so fer han den vegen sidan som Djevelen vil hava honom.

Meir.

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

HAUS SPAREBANK

Snakk med sparebanken

Ytre Arna – Indre Arna –
Espeland – Lonevåg

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER
Bok og papirhandel
Indre Arna

Skal det vera markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

MAGNUS BORGE
5233 Haukeland Telefon 40021

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER**

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 – Espeland

I min forretning

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 Indre Arna – Tlf. 40496

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
Sport og camping.
Glass og steintøy.

Preikelista

7. s. e. tr. 12. juli:

Trengereid: Res. kap.

Om kvelden kl. 19.00: Ytre Arna: Res. kap.

8. s. e. tr. 19. juli:

Arna. Res. kap.

9. s. e. tr. 26. juli:

Arna. Soknepresten.

10. s. e. tr. 2. august:

Ytre Arna. Soknepresten. Nattverd.

11. s. e. tr. 9. august:

Arna. Soknepresten.

12. s. e. tr. 16. august:

Ytre Arna. Soknepresten.

13. s. e. tr. 23. august:

Arna. Res. kap.

Trengereid. Soknepresten.

14. s. e. tr. 30. august:

Arna. Soknepresten.

Ytre Arna. Res. kap.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund

insp. Torodd Grindheim